



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Kvinnherad – gbnr. 122/68 - Beinavikjo - Uskedalen - naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 15.12.2022. Saka gjeld uttale til dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 122/68.

Vurdering


Hovudregelen er å følgje plan- og bygningslova inklusive gjeldande arealplanar, medan dispensasjon er eit unntak frå dette, og skal ikkje vere kurant.

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegn som er gjeve i medhald av lov. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føresegn det dispenserast frå, omsyna i loven si formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er i kommuneplanen sett byggjegrænse til sjø i og dermed gjort ein konkret vurdering av strandsoneinteresser i dette området, mellom anna knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturmiljø og andre allmenne interesser. Naustet vil liggje utanfor funksjonell strandsone.

Storleik på det omsøkte naustet er på 44 m² BRA / på 50m² og har ein høgde på 5,7 meter. Naustet har baderom med dusj på 3,6 m².

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav (§ 3.9.10), storleik (§ 3.9.2) og storleik på toalettrom (§ 3.9.6) i kommuneplanen for oppføring av eit naust. Ein ynskjer å oppføre av naustet på eksisterande murar som vart ført opp etter eit byggjeløyve i 1994. Den gang vart ikkje naustet fullført av ulike grunnar.



Kommuneplan



Plassering omsøkt tiltak

I område Na-06-01 er det i dag 14 naust som er bygd og det opplyst at det er plass til 4 nye naust. Jamfør kommuneplanen sine føresegn § 3.9.10. er det plankrav i naustområde med plass til meir enn 4 naust. Det er i utgangspunktet uheldig å fråvike eit plankrav. Ein reguleringsplan vil mellom anna sjå området samla og syta for naudsynte heilskaplege vurderingar og avklaringar. Ein dispensasjon i denne saka vil vidare føre til at plankravet for dei resterande 3 nausttomtane fell bort, slik at området kan byggjast ut utan reguleringsplan.

Naustet er ikkje i samsvar med norm for naust i føresegn § 3.9.2 i kommuneplanen: «Naust i nye byggeområde skal vere inntil 40 m² BRA, med ein etasje og ei mønehøgde på maks 5,0 meter frå naustgolv (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6)». Vi viser i denne samanheng òg til Regional kystsoneplan for



Sunnhordland og ytre Hardanger § 2.37: «Naustbygg skal vere maks. 40 kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken.» Det vil vere uheldig å gje dispensasjon til naust som er større enn det kommuneplanen og Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger opnar for.

Ein dispensasjon vil kunne kan skape forventningar om tilsvarende avgjerd i liknande saker i området og elles i kommunen. Dette vil i så fall kunne setje til side kravet om ei planmessig forvaltning av strandsona i kommunen og undergrave kommuneplanen som styringsverktøy i plansaker.

Tilråding

Statsforvaltaren rår i frå dispensasjon frå plankrav (§ 3.9.10), storleik (§ 3.9.2) og storleik på toalettrom (§ 3.9.6) i kommuneplanen for oppføring av naust på gbnr. 122/68 slik det er søkt om.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent